



venstre

Kjære veljar,

I år er det eit spesielt valår. Vi har opplevd at sjølve grunnvollen i samfunnet er forsøkt rive ned ved å ramme unge menneske som har sagt ja til å vere med å dra lasset for fellesskapet i framtida. Det er nesten ikkje mogeleg å ta ordentleg inn over seg det som har skjedd. Det er for mykje. Men nettopp etter slike brutale angrep på demokratiet er det viktigare enn nokon gong å stille opp for demokratiet. For kvar og ein av oss betyr det å bruke stemmeretten. For deg som fyrstegongsveljar håpar eg du vil bidra til å utvikle samfunnet vidare og markere at det ikkje finnst noko alternativ til eit demokratisk system basert på ytringsfridom og frie val. Den frie stemmeretten er fundamentet vårt i det demokratiske samfunnet. Vi håpar på ei rekordhøg valdeltaking som vil vere eit klart svar til dei som prøver å rive ned dei verdiane heile samfunnet vårt byggjer på.

Å drive eit samfunn er ein stor dugnadsjobb. At det er nokon som veljer å stå fram og seie at dei ynskjer å gjere ein jobb for fellesskapet i lokalpolitikken er flott. Ikkje er det godt betalt, masse jobb er det, og ofte er det vanskelege val og avgjersler som må takast. For dei politiske partia er det viktig at det er motiverte og flinke folk som er villige til å stå på liste.

I Bø Venstre er vi veldig stolte av lista vår. Der finn du personar som har eit stort engasjement for bygda vår og som har sagt klart "Ja!" på forespurnaden om å gjere ein jobb i kommunepolitikken. Dei er engasjerte, kjenner bygda, har mykje erfaring å ta med seg inn i politikken, og dei lover å byggje eit politisk miljø som er basert på samarbeid og gode løysingar.

På lista vår har vi menneske som i mange år har vore engasjert i å gjere Bø til eit flott stad å bu. Her er folk som har jobba og jobbar med å skape gode miljø for barn og unge, blant anna i kultur, idrett og mange frivillige organisasjonar. Nå ynskjer dei ein plass i det politiske miljøet for å vere med å bestemme kva som skal skje i Bø framover.

I programmet vårt vil du kunne lese om kva dei vil stå på for i kommunestyret. Som ung veljar antar eg at det som står i programmet om kultur og frivilligheit, samt skule kanskje er område du er oppteken av.

På nettsida vår (<http://www.venstre.no/telemark/boitelemark>) finn du ein link til programmet vårt og mykje anna informasjon om kva Venstre står for. Listekandidatane våre ber om tillita di i kommunevalet i år, slik at dei kan få ein plass i kommunestyret og gjere ein jobb for alle i Bø.

Det er også sunt med litt fornying i politikken og Bø Venstre har ein ordførarkandidat i Olav Kasland, som er veldig motivert for den jobben. Han vil vere samlande i kommunestyret og sikre at alle politiske prosessar går fore seg i full openheit. Den gamle ordføraren har styrt kommunen i 16 år. Kanskje er det på tide med fornying i Bø?

Bruk stemmeretten! Godt val!

Per Espen Fjeld
Leiar Bø Venstre

